


Eit hittil ukjent krigsminne



VERD EIT BESOK: Ervika ligg idyllisk til ved Samnangerfjorden. Under krigen budde folk frå heimefronten i skjul her. Staden vart fråflytta i 1949, og fungerer i dag som fritidseigedom. På andre sida av fjorden ligg Rolvsvåg. (Alle bileta er utlånte av Yngve Tveiterås og Nina Wærdahl Tveiterås)

Vi er kjende med at Anna og Nils Rolvsvåg tok ein stor risiko under 2. verdskrigen, då dei skjulte folk for tyskarane i heimen sin og i Botnahytta. Dei har fått mykje omtale og heider for dette. Nils og Berta Ervik tok ikkje mindre risiko, då dei heldt hus for heimefronten under krigen. Tyskarane hadde gjort det klart at dei som skjulte «fienden», risikerte dødsstraff. Så huslyden i Ervika kunne blitt utsletta om innsatsen deira var blitt kjent. Familien har halde det så hemmeleg, at det er først no vi får høyra om det.

Ervik er ein fråflytta gard, som ligg tett opp mot grensa mot gamle Fusa, på austsida av Samnangerfjorden. For å koma dit, må ein nytta båt, eller gå i terrenget frå Kalven eller Utskot. Langs fjorden er det bratt og ulendt, så det er kettast å koma sjøvegen.

Solveig Romarheim, fødd 1935, vaks opp i Ervik, og ho fortel:

«Far arbeide som byggemeister. Vi var 9 søsken som vaks opp i Ervika. Farmor og farfar budde i kårhus attmed oss. Farfar døydd 96 år gamal om lag 1939. Farmor blei 101 år, ho døydd i 1952.

Vinteren 1944 kom to heimefrontkarar frå Hope, og fekk bu hos oss i Ervika. Dei budde 1,5 år fast i det vi kalla Bua, som var første rommet til venstre når ein kom inn i gangen på bygningen. Dei stelte seg sjølve og kokte truleg på primus. Mat kunne vorte eit problem, men dei hadde mat sjølve. Eg hugsar dei gav oss havregryn blanda med sukker. Dei hadde fleire sekkar med slik blanding. Dette var noko vi elles ikkje fekk under krigen. Eg hugsar også ein gong vi var oppe i utmarka. Der kom vi over eit lager av hermetikk, som var skjult under nokre brakar. Det var truleg varer som var sloppe som luftslepp til heimefronten. Dei to karane hadde



RELIEFF: Heimestyrkar i dekning i Ervika i 1945.

dekknamn: «Ola» og «Otto».

Seinare har eg fått vita dei eigne namna deira, Jakob Hjelle og Einar Evensen. Dei var sentrale i redninga av det kanadiske flymannskapet som vart smugla tilbake frå Os til England hausten 1944 frå Rolvsvågen og Botnahytta. Jakob Hjelle var kompanisjef for Milorg-gruppene i Os. Milorg var kontaktledd med skøytene til Shetlands-Larsen. Dei smugla mellom anna våpen inn i landet og flyktningar ut til England.

Oftast var det berre to mann i skjul i Ervika, men somme gonger var det mange fleire på rommet deira. Vi viste at dei hadde kontakt med heimefronten på Holmefjord. Eg var 9 år da krigen var slutt, så det er ikkje mykje eg veit om det som hende. Veslebror min hugsar berre at han sat på fanget til ein av dei.

Bestemor, som budde på kår hos

oss, heldt heilt tett, og dotrene hennar visste ikkje noko om det vi heldt på med. Vi ungane sa aldri noko om det til vener eller på skulen. Vi visste det var livsfarleg. Ein gong var det nokon som spurde oss om kvifor det hadde vore så mange båtar ut for Ervik. Dei hadde sett det då dei rodde forbi på veg til handelsbua på Hope. Vi svarte da at det var skyldfolket til bestemor, frå Holmefjord som hadde vore på besøk. Då måtte dei slutta å spørja, men eg trur kanskje dei mistenkte noko.

Ein gong eg var på veg heim frå skulen, treffe eg ein av heimefrontkarane i dalen på veg frå Utskot til Ervik. Han hadde gevær og uniform. Eg trudde det var ein tyskar, og skunda meg å ta av den raude topplue mi, eg visste at tyskarane ikkje likte at me gjekk med raud lue, som var eit teikn på motstand.

Etter krigen fekk syster mi, Nelly Ervik, ein fin presang frå dei to som budde hos oss. Det var ein bryllaups-presang då ho gifte seg med Bernhard Fagerli. Presangen var eit utskore relieff, truleg laga av Jakob Hjelle. Det viser dei to i «Bua» i huset vårt. Nå har eg fått det. Ungane til Nelly ville at eg skulle ha det. Eg kjenner igjen rommet, og hugsar fargane. Det var det einaste rommet i huset vårt som var malt. Veggane var lysegrøne, det var kvitt tak med kvite bjelkar, og golvet var grått.

Heimefrontkarane var trivelege karar. Ein gong far skulle tidleg opp om morgonen for å slå øvreboen (han brukte ljå, og det var best å slå medan det var dogg i graset) fekk han seg ei fin overrasking. Karane hadde slått boen for han om natta. Dei sov oftast om dagen og var ute om natta. Fleire gonger var dei også med far i skogen og hogg ved.

Etter krigen flytta vi til Gaupholm. Far bygde huset sjolv med tommer han hogde og sagde til materialar på

vår eiga vassdrivne sag i Ervik. Vi hadde ei stemma (ein demning), og vi ungane blei sende opp for å sleppa på vatn når han skulle saga. Eg hugsar framleis duren når han sagde. I 1949 var eg 14 år, og då flytta vi til Jambroka, som det heiter nedom vegen på Gaupholm.

Då vi hadde flytta, vart huset og løa fjerna. Løa vart seld til nokon i Holmefjord. Seinare sette far og den eldste broren min opp ei hytte på tuftene etter floren. Hytta var fin å ha når dei var ute og arbeide i skogen. Seinare blei det laga bygning også over grunnen til løa. I dag bur det ikkje folk i Ervika, eigedomen er seld som fritidseigedom.»

Dette er historia slik Solveig Romarheim har fortalt henne. Eg har snakka med folk etterpå, og fått høyra om endå fleire som risikerte livet ved å husa heimefrontfolk. Både Engel og Severina Lie og Einar og Gunhild Høgli må nemnast. Dei familiane som risikerte slikt, var truleg så vane med å halda det hemmeleg, at sjolv etter krigen har dei ikkje snakka mykje om det. Derfor får vi først høyra om desse krigsheltane no, meir enn 70 år etter krigen.

Dei som vil lesa meir om motstandskampen i Os og Samnangerfjorden, kan lesa Arnfinn Haga sine bøker. I boka «I mulm og mørke» side 202-204 finn vi ei historie som nok peikar på Ervika, utan at garden er nemnd med namn.

*Tor Wold,
Samnanger Historielag*



GRUNNMUREN: Restane etter tidlegare busetnad er framleis godt synlege.



VEGLAUST: Ervika (eller Erevika, som det står på offisielle kart) ligg nesten heilt på grensa mot Bjørnafjorden, og er berre tilgjengeleg med båt eller til fots. Det går an å gå frå «snuiplassen» ytst på Utskot, og frå den øvste skogsvegen på Øpstebo. Stien er nokså gjengrodd – og treng å vera meir i bruk, i følgje noverande eigar. På biletet til høgre ser du hytta som er bygd på muren etter floren og løa.